



Sjå mottakarliste

Dato: 07.05.2015
Vår ref.: 2015/4419-2
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy
Tlf: 55 23 45 91

Melding om oppstart av revidering av forskrift om regulering av hausting av tare i Hordaland

Hordaland fylkeskommune er i ferd med å starte opp arbeidet med å utarbeide eit forslag til ny forskrift om hausting av tare i Hordaland. Gjeldande forskrift J-191-2011 er gyldig til 31.august 2016, og ny forskrift må vere på plass innan denne dato. Forskrifta skal gjelde for fem år før den igjen vert revidert, eller eventuelt vidareført for fem nye år. Det er Fiskeridirektoratet som skal fastsetje ny forskrift, basert på eit forslag utarbeida av ei arbeidsgruppe leia av Hordaland fylkeskommune.

Følgjande organisasjonar vil få invitasjon til å delta i arbeidsgruppa:

- Fiskeridirektoratet region Vest
- Fylkesmannen i Hordaland
- Fiskarlaget Vest
- FMC Biopolymer
- Evt. kommunar som ynskjer å delta
- Samt observatørar frå Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet

Arbeidsgruppa sitt mandat er fastsett i FOR 1995-07-13 nr 642 Forskrift om høsting av tang og tare § 5, 1. ledd: «*Fiskeridirektoratet kan fastsette regionale forskrifter om hvor og når det er tillatt å høste tare i den enkelte region. Forskriftsforslag utarbeides av fylkesvise grupper, som ledes av fylkeskommunen.*»

Arbeidsgruppa skal vurdere i kva utstrekning hausting av tare kan skje i ulike stader i fylket. Det skal gjennomførast ei konkret vurdering av, og oversikt og kart over, kva for område i Hordaland fylke som bør vere opne for taretråling, og kva for område som bør vere stengt. Arbeidsgruppa skal i dette arbeidet ta omsyn til ulike interessekonfliktar mellom taretråling og potensielle natur- og næringsinteresser i fylket.

Vi ber no interessentar eller andre som vert berørt av tarehausting om å komme med innspel til arbeidsgruppa. Det kan vere konkrete forslag om kor tarehausting kan finne stad eller ikkje bør finne stad, men og generelle prinsipp som bør leggest til grunn for denne verksemda.

Frist til å komme med innspel vert sett til 15. august 2015.

Innspel og kommentarar skal sendast til:

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, PB 7900,5020 Bergen

Eller på e-post til hfk@hfk.no eller vibeke.saure.lokoy@hfk.no

Gjeldande forskrift med kart over hausteområde er vedlagt. Meir informasjon om tarehausting fins på desse nettsidene: www.imr.no og www.stortare.no

Med helsing

Gudrun Mathisen
leiar

Vibeke Saure Lokøy
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Namn	Adresse	Poststad	e-post
Askøy kommune	Postboks 323	5323 KLEPPESTØ	postmottak@askoy.kommune.no
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392 STOREBØ	postmottak@austevoll.kommune.no
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943 AUSTRHEIM	post@austrheim.kommune.no
Bellona	Maridalsveien 17 B	0458 OSLO	info@bellona.no
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430 BREMNES	postmottak@bomlo.kommune.no
Fedje kommune	Stormarkvegen 49	5947 FEDJE	postmottak@fedje.kommune.no
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003 BERGEN	vest@fiskarlaget.no
Fiskeridirektoratet	Strandgaten 229	5004 BERGEN	postmottak@fiskeridir.no
Fiskeridirektoratet region Vest	Gate 1 nr 60	6700 MÅLØY	postmottak@fiskeridir.no
Fitjar kommune	Postboks 83	5418 FITJAR	fitjar@fitjar.kommune.no
Fjell kommune	Postboks 184	5342 STRAUME	postmottak@fjell.kommune.no
FMC Biopolymer	Vormedalsvegen 301	5545 VORMEDAL	ole.dammkvilhaug@fmc.com
Forum for natur og friluftsliv	Tverrgt. 4/6	5017 BERGEN	hordaland@fnf-nett.no
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN	fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Greenpeace Norge	Sandakerveien 24 C	0473 OSLO	Info.no@greenpeace.org
Havforskningsinstituttet	Pb 1870 Nordnes	5817 BERGEN	post@imr.no
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025 ÅLESUND	post@kystverket.no

Meland kommune	Postboks 79	5906 FREKHAUG	postmottak@meland.kommune.no
Miljødirektoratet	Pb 5672 Sluppen	7485 TRONDHEIM	post@miljodir.no
Naturvernforbundet Hordaland	Bryggen 23	5003 BERGEN	naturvern@naturvernforbundet.no
NJFF Hordaland	Tverrgaten 4/6	5017 BERGEN	hordaland@njff.org
Norges Miljøvernforbund	Skuteviksbodene 24	5035 BERGEN	nmf@nmf.no
Norsk Ornitologisk Forening	Strandgata 30 B	7012 TRONDHEIM	nof@birdlife.no
Norske sjømatbedrifters landsforening	Boks 639 Sentrum	7406 TRONDHEIM	post@nsl.no
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936 MANGER	postmottak@radoy.kommune.no
Sjømat Norge	Sandviksboder 1 E	5035 BERGEN	firmapost@sjomatnorge.no
Stord kommune	Postboks 304	5402 STORD	post@stord.kommune.no
Sund kommune	Postboks 23	5371 SKOGSVÅG	postmottak@sund.kommune.no
Sveio kommune	Postboks 40	5559 SVEIO	postmottak@sveio.kommune.no
WWF	Kristian Augusts gt 7A	0164 OSLO	wwf@wwf.no
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337 RONG	postmottak@oygarden.kommune.no